

Kyrkjenytt Klepp kyrkjelyd -oktober

Hausten er no godt i gang – det merkar vi godt på aktivitetsnivået i kyrkjelyden. Vi merkar det og godt på været, sjølv om vi er vant til ruskete vær – ta vare på kvarandre i hauststormen som er over oss i desse dagar.

Meir informasjon finn du på heimesida vår: kleppkyrkje.no

Innhald i dette kyrkjenytt:

- Informasjonskveld om ny kyrkje i september
- Utdeling av fireårsbok
- Filmkveld
- Fokus på gjevartenesta

Meir informasjon finn du på heimesida vår: kleppkyrkje.no

Informasjonskveld om ny kyrkje

Tusen takk til alle de som kom og var med på informasjonskvelden vår på folkehjelphuset i september.

Kjekt å sjå så mange. Framover vil vi på enkelte gudstenester presentere informasjon om kva som skjer, og korleis vi saman med dykk jobbar med ny kyrkje og ikkje minst korleis vi skal fylle kyrka vår.

Vi kan røpa at det før jul kjem ein eigen tilrettelagt idemyldring for småbarnsfamiliar.

Følg med - dato blir snart presentert.




Utdeling av fireårsbok

Klepp kyrkje inviterer alle barn født i 2021 til utdeling av barnebibel!

Fireårsbok er eit tiltak for alle fireåringar i Klepp sokn kor dei får utdelt Bibelen for små barn i ei gudsteneste. I tillegg til gudstenesta, inviterast dei til ei samling i forkant av gudstenesta. Her får dei bli betre kjent med kyrkja, treffa soknepresten og ete mat saman. Den første samlinga er i år 22.

oktober kl. 17.00-18.00, med utdeling påfølgande gudsteneste 26. oktober kl. 11.00.



Utdeling av 4-årsbok er opent for alle born i denne aldersgruppa . Det sendes ut invitasjonar til alle medlemmer og trusopplæringsabonnenter i Den norske kyrkja. Det er òg opent for born som ikkje er døypt.

Påmelding finn på heimesida:

<https://kleppkyrkje.no/Kyrkjelyd/Artikler/Artikkeldetaljer/ArticleId/28081/Utdeling-av-firearsbok-hausten-2025>

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt med Karoline Undheim-Tharaldsen

ku399@kirken.no

922 55 478

Kinokveld på stasjonen

Fredag 17. oktober inviterer familiekomiteen til kinokveld på stasjonsbygget kl. 17.30!

Det vert servert popcorn og drikke til dei små, og kaffi til dei vaksne.

Følg med på Facebook når det nærmar seg for meir informasjon og for eventuelle endringar.



Fokus på gjevartenesta i oktober

I februar hadde vi ein kampanje for å auka gjevartenesta- dette gav ein auke som var gledeleg. Tusen takk for at du er med å bidrar! Men vi er ikkje heilt i mål.

No i oktober vil vi ha særskilt fokus på dette på gudstenesta 19. oktober.

Administrasjonen vil vera til stades etter gudstenesta og kan hjelpe dei som treng det.

Det vil også vera mogeleg å koma innom kyrkjekontoret mandag 20.oktober kl. 12-14 og onsdag 22. oktober kl. 9 – 11 for å få hjelp.

Kyrkjelyden ynskjer å satse langt utover det offentlege tilskot rekk til. Me vil skape gode møteplassar for barn, unge og vaksne. For å oppnå dette og for å skape tryggleik for tilsette som blir løna av kyrkjelyden, treng ein stabil og føreseieleg økonomi. Difor vert du utfordra til å verte fast gjevar, eller til å auke ditt gjevarbeløp.



Meir informasjon finn du på heimesida vår: [les her](#)